

» Del 3 Investeringar - oversikt over prosjekt

Oversikt prosjekt 2019

Dei største prosjekta vert nærare kommentert nedom tabellen.

Prosjekt	Prosjekt	Vedtatt	Reknesk.ført	Årets	Reknesk.ført	Sum rekne-	Gjenstår av
nr		utgiftsramme	tidlegare år	budsjett	i år	skapsført	utgiftsramme
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI			1 575 000	953 148	953 148	621 852
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP			1 300 000	1 306 787	1 306 787	-6 787
1307	Innskot Møre og Romsdal Revisjon SA	105 000	0	105 000	105 000	105 000	0
2302	IKT-UTSTYR SKULAR			38 000	37 581	37 581	419
2324	NY BARNESKULE PÅ VALDERØY			-	-300 000	-300 000	300 000
2532	UNDERVISNINGSBRAKKER VALDERØY UNGDOMSSKULE	4 428 580	4 574 840	-	-33 600	4 541 240	-112 660
3101	FORMIDLINGSLÅN			-	8 407 316	8 407 316	
3253	Giske kommunale legesenter AS - kjøp av aksjer	1 000 000	0	1 000 000	1 000 000	1 000 000	0
4302	FLEIRBRUKSHALL VIGRA			-	-3 900 000	-3 900 000	3 900 000
5102	SAL AV KOMMUNALE BYGG	-4 680 000	29 125	-4 680 000	27 050	56 175	-4 736 175
5109	KJØP/SAL AV BUSTADER			-	-46 278	-46 278	
5110	KLIMA- OG ENERGILTAK			1 200 000	813 586	813 586	386 414
5121	SAL KOMMUNAL GRUNN (Spesifik portefølje)	2 000 000	-266 898	2 000 000	-369 102	-636 000	2 636 000
5130	NÆRMILJØTILTAK	880 000	175 194	704 000	636 910	812 104	67 896
5150	INVESTERING ADM.BYGG			193 000	192 765	192 765	235
5152	INVESTERING HELSE- OG OMSORGSBYGG			46 000	46 375	46 375	-375
5155	INVESTERING SKULE- OG BARNEHAGEBYGG			469 000	468 745	468 745	255
5156	INVESTERING Utleigebustader			41 000	41 038	41 038	-38
5157	KJØP AV GNR 4 BNR 94 (FELLESFJØSEN)	770 000	0	770 000	2 334 510	2 334 510	-1 564 510
5302	BRANNBIL	1 210 000	607 826	-	10 750	618 576	591 424
5303	GODØY BRANNSTASJON - UTBETRING	200 000	0	200 000	34 299	34 299	165 701
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning			-	260	260	
5362	DIV. REGULERINGSPLANAR			200 000	-	0	200 000
5363	Områdeplan Sætra og Gjøvsund	500 000	37 677	500 000	525 943	563 620	-63 620
5370	KARTLEGGING - Marine Grunnkart	650 000	413 321	322 000	-	413 321	236 679
5410	FELLES TEKNISK UTSTYR			125 000	67 200	67 200	57 800
5501	DIV. TOMTER VALDERØY		-101 441	-	-39 575	-141 016	

Prosjekt	Prosjekt	Vedtatt	Reknesk.ført	Årets	Reknesk.ført	Sum rekne-	Gjenstår av
nr		utgiftsramme	tidlegare år	budsjett	i år	skapsført	utgiftsramme
5505	VALDERHAUGSTRAND			-	28 480	28 480	
5551	DIV. TOMTER VIGRA			-	5 750	5 750	
5605	SKULEVEGEN GISKE	30 330 364	1 360 666	34 598 360	29 598 113	30 958 779	-628 415
5651	DIV. TOMTER GODØY			-	525	525	
5653	VALKVÆ			-	172	172	
5702	YTTERLAND NÆRINGSOMR.			-	-63 325	-63 325	
5703	SKARET NÆRINGSOMR.	-770 000	0	-770 000	-2 041 420	-2 041 420	1 271 420
5704	GJØSUNDSÆTRA NÆRINGSOMR.		45 365	-	-525	44 840	
5752	GJØSUND NÆRINGSOMR.		0	300 000	-268 024	-268 024	568 024
5852	GEILEVIKA NÆRINGSOMR.		-28 000	-	-28 000	-56 000	
5854	FURKENHOLMEN STEINTAK			-	-42 350	-42 350	
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN		-22 764	-	-	-22 764	
6006	TEKNISKE ANLEGG OKSNES	25 320 250	25 315 795	660 000	697 881	26 013 676	-693 426
6014	TRAFIKKFØREMÅL VALDERØY BARNESKULE	2 000 000	1 189 591	-	2 707	1 192 298	807 702
6017	YTTERLANDSNESET	5 000 000	311 325	4 500 000	4 569 462	4 880 787	119 213
6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA- TEPPEMYRA	26 499 704	6 371 357	21 336 704	5 559 070	11 930 427	14 569 277
6201	MINDRE VEGANLEGG			1 060 000	650 655	650 655	409 345
6205	NAMNESKILT KOMMUNEVEGAR			-	-55 879	-55 879	
6250	Modernisering av leidningsanlegg/lekasjered/Hovudplan	2 000 000	49 452	2 000 000	-	49 452	1 950 548
6251	Modernisering av vassverket	1 545 000	569 486	720 000	483 547	1 053 033	491 967
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	500 000	0	500 000	266 941	266 941	233 059
6253	Vassledning Giske - Staurneset	130 000	0	130 000	205 052	205 052	-75 052
6307	OVERFØRING BLOMVIK - OKSNES	5 350 000	1 705 595	1 300 000	1 335 152	3 040 747	2 309 253
6309	Overvatn Rokkevegen	2 250 000	0	2 250 000	1 954 224	1 954 224	295 776
6325	SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR	3 900 000	2 208 803	500 000	517 818	2 726 621	1 173 379
6326	OVERFØRING SYNNES BF - KRINGKASTAR	4 000 000	3 498 359	1 000 000	1 189 619	4 687 978	-687 978
6343	LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA	8 300 000	12 552 944	-	184 059	12 737 003	-4 437 003
6380	Tilbygg Alnes renseanlegg	1 120 000	0	1 120 000	14 670	14 670	1 105 330
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG			1 100 000	-	0	1 100 000
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG			6 718 000	4 981 036	4 981 036	1 736 964
6384	BEREDSKAPSPLAN			-	574	574	
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	1 000 000	194 994	1 000 000	778 204	973 198	26 802
6387	VASSLEIDNING TIL ÅLESUND		26 931	-	51 418	78 349	-78 349
6388	Ny pumpestasjon Molnes med forskyvingsledning	150 000	55 629	95 000	975	56 604	93 396
7300	VALDERØY KYRKJEGARD	6 800 000	1 500 000	5 300 000	2 000 000	3 500 000	3 300 000
8701	BRUK AV LÅN			-89 121 064	-63 897 455	-63 897 455	-25 223 609
8801	INT. FINANSTRANS.			-2 405 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 405 000

1) Budsjettramme pr år: årsbudsjett er ei konkretisering av ei løyving, dette er prosjekt som vert avslutta årleg og skal dei fortsette må det setjast av nye løyvingar.

Kommentar til investeringsprosjekt 2019

5110 Klima- og energiltak

Internt planleggingsarbeid 2019 for framtidige/planlagde energiltak. Diverse enøktiltak gjennomført (varmepumper og SD-tiltak - Giskehallen).

5130 Nærmiljøtiltak

Prosjektering og oppstart av tiltak/gjennomføring av første del av tiltaket (oppsett av parkour-anlegg ved Alnes skule – jf tippemidlar) er gjennomført 2019.

5157 Kjøp av gnr 4 bnr 94 (Fellesfjøs)

Kjøpt i samsvar med F-sak 025/19 av 04.02.19 (kjøpesum: kr 750 000 samt omkostningar: kr 20 000). Øvrige utgifter (1 557 800) er tapte fordringar mot BF-eigedom. Bruksverdien pr. i dag (LNF-område) vurderast som svært begrensa. Ut frå bygninga sin storleik og framtidige vedlikehaldskostnader – vurderast marknadsverdien å være tilnærma 0. Avhending forutset endring av kommuneplan frå LNF til næringsområde.

5363 Områdeplan Sætra og Gjøvsund

Asplan Viak er engasjert som konsulent. Stadanalyse er utarbeidd. Denne vert lagt til grunn for vidare arbeid med områdeplanen. Vidare er det søkt (fravikssøknader) 2 gongar om framtidig vegkryssløysing for Sætra. Avklaring av kryssløysing er ein føresetnad for vidare arbeid/framdrift. Ein har fått negativt svar frå vegdirektoratet på ønskt løysing med rundkøyring.

5605 Skulevegen Giske

Vegutbygging med tilhøyrande tekniske leidningsanlegg vart utført 2019. Prisfastsetting/erstatning er gjennomført i skjønnsak for tingretten. Oppmålingsforretning er nyleg gjennomført. Utbetalingar av erstatning vert gjennomført fortløpande etter kvart som det vert utarbeidd målebrev. Det er kravd overskjøn for to av eigedomane. Alt entreprenørarbeid er avslutta. Det gjenstår også oppsetjing av skilt langs vegen.

5703 Skaret næringsområde

Gjeld sal av tomt til Selias Eigedom AS.

6006 Tekniske anlegg Oksnes

Gjeld bygging av ny slamavskiljar, vegar og tekniske anlegg Oksneset. Det som er brukt i 2019 er til juridisk bistand og utgifter knytt til refusjonssaka. Tekniske anlegg er ferdigstilt.

6017 Ytterlandsneset

Bygging av nye tekniske anlegg, avløpspumpestasjon og ein gangsti frå Ytterlandsneset til Skjongvika. Alle tekniske anlegg er ferdig, men det står igjen noko tilstelling av området.

6154 Gangv./leidn.anl. Geilevika-Teppemyra

Gjeld gangveg og tekniske anlegg frå Brannstasjonen på Godøya og ut til Geilevika. Står att litt prosjektering og politiske løyvingar for at vi kan starte på den siste delen av utbygginga. Det er bygd nokre hundre meter i kvar ende av prosjektet

men den dyraste og mest utfordrande delen står att.

6201 Mindre veganlegg

Følgjande er gjennomført i 2019: (1) Re-asfaltering veg i Skaret, endring parkering/tilkomst Valderøya barneskule, (2) gravearbeid medtilhøyrande kabling til 8 gatelys for 4 gangfelt samt (3) oppsett av 2 gatelys (knytt til omsorgsbustader). I tillegg har kommunen påtatt seg kostnader for reprojektering av del av hovudveg på Roald Øst.

6307 Overføring Blomvik-Oksnes

Gjeld teknisk anlegg med pumpestasjon og tekniske anlegg frå Blomvika til slamavskiljar Oksneset. Anlegget var ferdig i 2017/18, innløysing av grunn i 2019 som gjekk litt over antatt pris.

6309 Overvatn Rokkevegen

Overvassleidning frå Rokkevegen til Valderøyvegen som er oppgradert. Anlegget er ferdigstilt teknisk og det står att mindre tilsåing av grøntområde når det blir vår.

6325 Slamavskillar/utslepp Kringkastar / 6326 Overføring Synnes bf – kringkastar

Gjeld ny slamavskillar ved Kringkaster Synes, pumpestasjoner og leidningar for pumping frå Synes byggefelt til slamavskillar. Slamavskillar/utslepp kringkastar og overføringsleidning vart i hovudsak gjennomført i 2018, berre mindre arbeid og ferdigstilling gjennomført i 2019.

6383 Fornyng leidningsanlegg

I løpet av 2019 har det vore diverse kontakt med konsulent (Norconsult) for vurdering av ulike alternativ til nybygg.

6386 Hovudplan vatn/avløp

Diverse konsulentarbeid for hovudplan utført i 2019 (Asplan Viak).

7300 Valderøy kyrkjegard

Arbeid med utviding av Valderøy kyrkjegard, prosjektet fortsetter i 2020.